

Ostereidet FUS barnehage AS  
Ørnova 1  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1867 - 14/22039

Saksbehandlar:  
Jorunn Nøttveit Moen  
JNO@lindas.kommune.no

Dato:  
29.09.2014

## Kommunalt tilskot for 2014 - Nytt vedtak

Vi viser til klage datert 24.2.2014. Fylkesmannen i Hordaland har i liknande tilfelle oppheva vedtak om kommunalt tilskot og sendt saka tilbake til kommunen for ny behandling. Lindås kommune legg same praksis til grunn i denne saka og fatta nytt vedtak om kommunalt tilskot for 2014.

I tidlegare vedtak hadde kommunen redusert barnetallet med 2,04 store barn og kutta tilskotet tilsvarende. I nytt vedtak får Ostereidet FUS barnehage AS tilskot for det tal barn som er rapportert i årsmeldinga pr 15.12.2013.

Nytt tilskot for 2014 er rekna ut til 6 493 935 kr.

For perioden januar – september har de fått utbetalt 4 730 990 kr. Ved å avrekne dette mot tilskotet for heile året, blir det att 1 762 945 kr for perioden oktober – desember. For perioden oktober – desember vil de få utbetalt 587 648 kr pr måned.

Endeleg avrekning av tilskotet for 2014 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2014 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigerd i tilskotsutbetalinga for juli 2015.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarende beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

Barnehageeigaren kan klage til fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.



Vi tek atterhald om at fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ostereidet FUS barnehage AS

Ørnova 1

5993

OSTEREIDET